

Innstilling frå valkomiteen i Ulstein Næringsforum til Årsmøtet 2024

Valkomite:

Kjersti Kleven, leiar
Verner Larsen
Ellen Cathrin Kvalsund

«Instruks for valkomite i Ulstein Næringsforum» har ligge til grunn for komiteen sitt arbeid. Valkomiteen starta arbeidet sitt tidleg i mai. Komiteen sin leiar hadde ein samtale med styreleiar Are Nørvåg Garshol om styret sitt arbeid. Valkomiteen har diskutert og fordelt arbeidet gjennom digitale kanalar.

Innstilling til styret

Dei styremedlemmene og vara som er på val, har vore kontakta. Tre faste styremedlemmer og to vara er i år på val. I tillegg skal styreleiar veljast kvart år. Valkomiteen er glad for å kunne legge fram eit forslag med stor kontinuitet blant bedriftene, noko som tyder på forplikting og engasjement frå medlemmane. Det blir likevel litt utskifting i persongalleriet.

Valkomiteen foreslår gjenval av Are Nørvåg Garshol som styreleiar.

Valkomiteen innstiller på at Ulstein kommune held fram på fast plass i styret og vi foreslår ordførar Stian Skorgen Scheide som ny representant. Eit tett samarbeid med dei lokale sparebankane er framleis ynskjeleg og det er foreslått å rotere den faste plassen og varaplassen mellom dei. Avdelingsbanksjef for SB1 SMN, Wenche Wangsmo Ertesvåg er foreslått som nytt styremedlem. Arnt Ole Grimstad, Sunnmøre Folkehøgskule, blir innstilt til gjenval.

Valkomiteen foreslår Hege-Karete Hamre, Sparebanken Møre som nytt varamedlem og gjenval av varamedlem Mimmi Kvalsund, Nordvest Klinik.

Styreleiar	Are Nørvåg Garshol	Mare Safety AS	2024 – 2025	Gjenval
Styremédlem			2023 - 2025	Ikkje på val
Styremedlem	Kathrine Gåsvik Ulstein	Ulsmo AS/Blåhuset	2023 – 2025	Ikkje på val
Styremedlem	Frank Gjerde	Biltema	2023 - 2025	Ikkje på val
Styremedlem	Jogeir Romestrand	Evotec AS/Rome AS	2023 – 2025	Ikkje på val
Styremedlem	Stian Skorgen Scheide	Ulstein kommune	2024 – 2026	Ny
Styremedlem	Wenche Wangsmo Ertesvåg	Sparebank1 SMN	2024 – 2026	Ny
Styremedlem	Arnt Ole Grimstad	Sunnmøre Folkehøgskule	2024 – 2026	Gjenval
1.Varamedlem	Ingrid Dybhavn	Pernilles Clinique AS	2023 – 2025	Ikkje på val
2.Varamedlem	Mimmi Kvalsund Ulstein	Nordvest Klinik AS	2024 – 2026	Gjenval
3.Varamedlem	Hege-Karete Hamre	Sparebanken Møre	2024 – 2026	Ny

Innstilling til revisjonsutval

UNF har revisjonsutval, valt av årsmøtet. Komiteen foreslår gjenval av Steinar Nummedal, Ulstein kommune.

Medlem	Steinar Nummedal	Ulstein kommune	2024 – 2026	Gjenval
Medlem	Antoni Knotten	Hasund AS	2023 – 2025	Ikkje på val

Ulsteinvik, 16.05.24



Kjersti Kleven

Leiar, for valkomiteen